Arkivref: 2018/3553 - 24157/2018
Saksh.: Trygve Dahl

Saksnr	Utval	Møtedato
	RHO - Komité for rehabilitering, helse og omsorg	

HØYRINGSSVAR ETABLERING AV NASJONALT ELDRE-, PASIENT- OG BRUKAROMBOD

Framlegg til vedtak:

Komité for rehabilitering, helse og omsorg vedtek forslag til høyringssvar slik det ligg føre.

Rådmannen, 25.10.2018

Dokumentliste
S 25.10.2018 Høyringssvar etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod

Vedlegg:
1 Høring - etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukerombud mv.
2 Høringsnotat

Innleiing (bakgrunn for saka)

I januar 2001 vart ordninga med pasientombod lovfesta. Denne skulle arbeida for å ivareta pasientane sine behov, interesser og rettstryggleik ovanfor den statlege spesialisthelsetenesta og for å betra kvaliteten i tenestene. I 2009 vart ordninga utvida til og å omfatta den kommunale helse og omsorgstenesta. Namnet vart då endra til pasient- og brukarombod.

Regjeringa ønskjer no å løfta ordninga, både når det gjeld innhald og omfang. Det vert difor foreslått å vidareføra ordninga til å etablere eit nasjonalt Eldre-, pasient og brukarombod som skal ha ein koordinerande rolle for alle omboda. Grunnen for å ta med *Eldre* spesifikt er mellom anna eit ledd i regjeringa si satsing på tenestetilbodet til eldre. Ordninga har tidlegare og omfatta eldre, men ved å endre til dette namnet, ønskjer regjeringa å syne at dei tek på alvor forventa auke i tal på eldre innbyggjarar i åra som kjem. I forslaget skal dei andre brukar- og pasientomboda i landet bli kalla Eldre-, pasient- og brukarombod.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Frå før av er det 15 pasient- og brukarombod i Norge. Desse har hatt eit ombodskollegium som m.a. har valt ein leiar for to år av gangen. Det føreslegne nasjonale ombodet skal vera ein av desse 15 og ha sitt lokale ansvar. I tillegg skal det nasjonale ombodet koordinere og styre utviklinga av felles arbeidsmetodikk for alle omboda, støtte dei andre omboda med systematisk kompetanseutvikling og vegleiing, gi råd i enkeltsaker og vera med og utvikla tenesta slik at det vert mest mulig lik vurdering og handsaming rundt om i landet. Alle omboda er likevel framleis fagleg uavhengige og sjølvstendige i einskildsaker.

Samtidig ønskjer regjeringa at dei fylkeskommunale tannhelsetenestene skal omfattast av ombodsordninga. På denne måten vil dei styrke rettane til personar som ikkje er i stand til å fremja sine eigne behov når det gjeld tannhelsehjelp, og på den måten vert den totale helsehjelpa trygga. Fylkeskommunen får og ei plikt til å informere pasientane om retten til å venda seg til ombodet.

Vurdering

Ei arbeidsgruppe har vurdert høyringsnotatet og finn det positivt at eldre sine rettar vert særskilt løfta fram. Det kan vera vanskeleg å følgja med på kva rettar ein til ei kvar tid har, og ein del eldre har gjerne meir komplekse helseutfordringar enn andre. Det er difor viktig at helsetenesta har informasjonsplikt om rettar og om at ombodet er ein viktig hjelpeinstans.

Tannhelsetenesta er ei viktig teneste som kan sikra ernæring og vera med å gi oppleving av livskvalitet og eigenverd. Det er viktig at rettane som gjeld denne tenesta er kjente.

Ved plassering av eit nasjonalt ombod meiner gruppa ein bør tenkja distriktspolitisk og leggja denne funksjonen utanom dei mest sentrale strøka.

Rettar innan helsetenesta gjeld og for våre nye landsmenn. Det er difor viktig at desse og vert trygga i høve sine rettar. Gruppa føreslår difor at det nasjonale ombodet må ha eit ansvar for at det vert utarbeida brosjyrar om ordninga på forskjellige språk, som kan distribuerast rundt til alle kommunane.

Forslag til uttale:

Stord kommune har følgjande merknader til høyringsnotatet:

1. Stord kommune meiner det er positivt at eldre vert trekt fram særskilt i samband med pasient og brukarombodsordninga og på denne måten hevar statusen til eldreomsorga. Eldre har gjerne komplekse behov, og fleire kjenner ikkje godt nok til rettane dei har. Det er difor og positivt at alle helsetenestene får informasjonsplikt om kva rettar ein har.

2. Det er viktig at omboda framleis er fagleg uavhengige og sjølvstendige i einskildsaker. Likevel er det positivt at det nasjonale ombodet skal jobba for ein meir lik praksis mellom omboda, slik at innbyggjarane får det ein har krav på uavhengig kor i landet ein bur.

3. Det er bra at tannhelsetenesta kjem inn under ombodsordninga. Det er viktig at alle deler av helsetenesta kjem inn under same ordninga og at ein dermed sikrar at dei som har særskilde rettar til tannlegehelseteneste får tilbod om dette.

4. Stord kommune meiner at ved etablering av eit nytt nasjonalt ombod må vera bevisst kor ein plasserer dette. For å vise at dette skal gjelde for heile landet bør regjeringa tenkje distriktspolitikk og dermed plassere dette ombodet utanom det sentrale austlandet.

5. Det er positivt at ombodets ansvar for den samiske befolkninga har fått eit eige punkt i notatet. Vidare er det flott at det er sett ned ei arbeidsgruppe som ser på behova deira. Stord kommune meiner at det nasjonale ombodet og må få ansvar for å leggje til rette for informasjon om ombodet i form av brosjyrar på sentrale innvandrarspråk, som polsk, spansk, russisk, arabisk osv.

Økonomiske konsekvensar
Ingen

Miljømessig konsekvens
Ikkje vurdert

Folkehelse
Ikkje vurdert

Universell utforming
Ikkje aktuelt

Beredskap
Ikkje aktuelt

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen rår til at komité for rehabilitering, helse og omsorg godkjenner høyringssvar slik det ligg føre.

Plan for gjennomføring
Høyringssvaret vert sendt til helse- og omsorgsdepartementet etter eventuell godkjenning i komiteen.